

Mars 2022

# Samhandlingsnytt



## Kontakt

### Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

[www.samhandling-sfj.no](http://www.samhandling-sfj.no)

### Kontaktperson

[Dagrun Kyrkjebø](#)

Samhandlingsjef Helse Førde

Kjære lesar

Så er vi klar for årets første samhandlingsnytt. Dei første månadane av 2022 har vore sterkt prega av pandemi og omikronviruset, med høge smittetal i området vårt. Som ei følgje av dette har ein sett høgt sjukefråvær og nok ein gong har belastninga vore stor for helsetenestene i kommunane og i Helse Førde. Dei siste vekene har invasjonen av Ukraina rysta oss. Både kommunane og helseføretaket er godt i gang med beredskapsarbeid knytt til denne situasjonen, og førebur seg på å ta i mot ukrainske flyktingar.

## Ungdomsmedisin

Prosjektet ungdomsmedisin i Helse Førde er no avslutta og har levert sin sluttrapport.

Mål for prosjektet:



Illustrasjon: Ståle Gerhardsen

1. Auke kvaliteten på helsetilbodet til ungdomar og sikre gode overgangar frå barneavdelinga til vaksenavdelingar.
2. Stegvis implementering av aldersgrensa for barneavdelinga til 18 år for dei fleste pasientgrupper
3. Utvikle tilbod og areal tilpassa ungdom

Fagfelt som har heva aldersgrensa for nyttilviste frå 16 til 18 år er :

## Erfaringskonferanse - psykisk helse og rusarbeid

Thon Hotel Jølster 11. og 12. mai 2022

Erfaringskonferansen skal setje søkelys på viktige områder som helsefelleskapet skal samarbeide om i åra framover. Her er det høve til å påverke framtidig satsing innanfor psykisk helse og rusfeltet, samt å få gode relasjonar og nettverk på tvers av organisasjonane.

Les meir om program for konferansen og påmelding [her](#).

diabetes/endokrinologi, hjarte/kar, revmatologi, auge, luftvegsinfeksjonar, lunge, astma og allergi, ØNH og infeksjonar. Prosjektet har vurdert kvart enkelt fagfelt om det er mogleg å heve aldersgrensa til 18 år. Kor pasienten vil få den beste behandlinga har vore avgjerande for konklusjonane så langt. Legane og andre fagpersonar i barne- og ungdomsavdelinga og vaksenavdelingane har vore tett involvert i vurderingane. Prosjektet har jobba med å sikre gode overgangar frå barne- og ungdomsavdelinga til vaksenavdelingar. Innføring av digitalt tilbagemeldingsystem (CheckWare) er eit verktøy som er til god hjelp både for ungdomane sjølve og for behandlarane. Det er innført nye rutinar med felles konsultasjon mellom barne- og ungdomsavdelinga og vaksenavdelinga før pasienten vert overført til vaksenavdelinga. Meir informasjon kan de finne på [nettsida til Helse Førde](#).

## Prosjekt legevaktpilot

Sunnfjord og Ytre Sogn Interkommunale Legevakt blei etablert i 2009 etter mange år med store rekrutteringsvanskar av fastlegar til både legekantor og legevakt. Sentraliseringa har betra stabilisering av fastlegar i distrikta. Ulempen er større avstand til legevakt for delar av innbyggjarane. Legevaktpiloten har testa ut løysing på denne utfordringa, utan å misse føremonene ved sentralisert legevakt.

Prosjektperioden varte frå haust 2018 til sommar 2022, med støtte frå Helsedirektoratet. Målet er å styrke legevakttilbodet i distriktet. Askvoll, Balestrand, Bremanger, Hyllestad og Høyanger har oppretta lokale legevaktsatellittar, kor pasient blir tatt i mot av sjukepleiar og møter lege på videokonsultasjon. Ved behov kan konsultasjonen ta plass heime hos pasienten ved sjukepleiar, med lege på video. Sjukepleiar rykker og ut til pasientar ved raude responsar i 4 av 5 kommunar. Pasienten vert anten ferdigbehandla ved satellitt, eler selektert for vidare transport til sentral legevakt. Sentrale undersøkjings- og laboratorieressursar er tilgjengeleg på satellittane, saman med vanleg nytta medikament i legevaktsamanheng.

## Siste nytt frå

### Felles brukarutval v/leiar Eiliv Berdal

Rolla som Felles Brukarutval (FBU) for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane er utfordrande og da spesielt oppfølging av rolla vi har i høve til kommunane. For FBU er det difor av stor å nytte å følge med i og å delta i prosessane omkring prosjekta Helsefelleskap og Gode pasientforløp.

14 mars i år hadde FBU møte med Kinn kommune der kommunen orienterte om kommunale planar med hovudvekt på utvikling og forbetring av tenestetilbodet til dei som treng hjelp frå ulike

instansar i kommune og sjukehus, herunder koordinerande eining, teamarbeid og arbeid med gode pasientforløp.

For FBU var møtet svært nyttig og det vil difor vere aktuelt for FBU å ha slike årlege møte med utvalde kommunar.

## Praksiskonsulentane (PKO)

Praksiskonsulentane er fort tida involvert i ei rekke ulike arbeidsoppgåver. Vår målsetting er å delta på samarbeidsmøter med dei fleste avdelingar i Helse Førde og brukar ein del tid på dette. Avdelingane «eig» møta, mens vi deltek som konsulentar der vi har den tettaste kontakflata mot allmennlegetenesta.

Som kjent er fastlegane og allmenlegar tungt involvert i samhandlinga omkring dei fleste pasientane som er innom Helse Førde. Etter siste møte med ortopedisk avdeling arrangerer vi eit emnekurs i ortopedi for allmennlegar. Det blir avvika i mars/april. 26 allmennlegar i Helse Førde sitt område er påmeldt. Delar av kurset blir arrangert som webinar, den siste delen er praktisk med oppmøteanten på Eid eller i Førde. Her treff allmennlegane ortopedane dei samarbeider med i dagleg praksis og på legevakt. For å lese meir om oss og om saker vi er involvert i, sjå [nettsidene våre](#).

## Siste nytt frå

### Sogn og Fjordane helsefellesskap

I helsefellesskapet har vi i første kvartal gjennomført møter i fagleg samarbeidsutval og strategisk samarbeidsutval. Viktige saker som har vore oppe til behandling er mellom anna godkjenning av ny overordna samarbeidsavtale mellom Helse Førde HF og kommunane i opptaksområdet. Denne avtalen er klar for utsending og signering hos partnarane. I tida framover skal helsefellesskapet arbeide vidare med revisjon av den resterande avtaleporteføljen, med del- og særavtalar. Helsefellesskapet har

## Månadens intervju



### Eili Nygard Riise

Psykologspesialist i psykisk helsevern for barn og unge, Helse Førde

### Kva engasjerer deg innan samhandlingsfeltet?

Samhandling kring barn og ungdom med psykiske vanskar. Det er mange som yter tenester til barn og unge med psykiske helseplager, både på kommunalt nivå og i spesialisthelsetenesta. For barn, ungdom og foreldre kan det vera vanskeleg å vite kvar ein skal få den hjelpen dei treng. For at dei skal få eit samanhengande tilbod er det viktig at den som møter barnet eller ungdommen kjenner til kva dei ulike tenestene kan bidra med. Eg er engasjert i samhandlingsprosjektet «Barn og unge si helseteneste». Prosjektet er ein del av ei regional satsing på Vestlandet og har som mål å betre samhandlinga mellom tenester for barn og unge med ulike psykiske helseplager. Eit viktig mål for prosjektet er å samle fagfolk for å få betre kjennskap til kvarandre, og om kva som er rolla og ansvaret til dei ulike tenestene. Dersom me veit kva me kan forvente av kvarandre vert det lettare å samarbeide kring barnet eller ungdommen. I prosjektet vert det også utvikla nettsider som er tenkt å fungere som ein oversikt over tenestene si rolle i møte med ulike psykiske plager. Desse vert utvikla i samarbeid mellom kommunale tenester, spesialisthelsetenesta og brukarar.

også starta arbeidet kring korleis ein i fellesskap skal planlegge tilbodet til dei fire prioriterte pasientgruppene; personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem, skrøpelege eldre, barn og unge, og personar med fleire kroniske lidningar. Det føregår mykje godt arbeid allereie, men ein ser behov for å styrke innsatsen spesielt når det gjeld barn og unge, og for gruppa personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem.

## FACT-team

FACT står for Flexible Assertive community treatment og forutset eit sameige mellom kommune og spesialisthelsetenesta. FACT jobbar både etter Helse -og omsorgstenestelova og Lov om spesialisthelseteneste.

FACT - team er recovery-orientert og - tverrfagleg og har brukarspesialist og jobbspesialist (IPS).

Menneske med alvorlege og langvarige psykiske lidningar og rusproblem har ofte vanskar med å nytte seg av ordinære tenestetilbod. Dette kan føre til at dei ikkje får dei tenestene dei treng og har krav på. FACT skal gje denne gruppa eit godt samordna tilbod om helsehjelp.

FACT Nordfjord er eit samarbeid mellom Stad kommune og Nordfjord psykiatrisenter som starta opp i 01.04.2021. Utgiftene til teamleiarstillinga er delt 50/50 mellom partane. Teamet er stasjonert på Nordfjord psykiatrisenter, og teamleiar rapporterer til Seksjonsleiar for seksjon dag som har det overordna ansvaret for FACT-teamet.

Teamet skal gje tilbod til menneske i målgruppa som er busett i Stad kommune og treng tenester frå både spesialisthelsetenesta og kommunen.

## Stad Kommune sitt ansvar

50 % stilling for sosionom

40 % stilling for vernepleier

20 % stilling som erfaringskonsulent vil frå 1. april jobbe i 50 % stilling med midlar får Helse Førde/NPS

Finansiere halve teamleiarstillinga i spleiselag med psykiatrisenteret.

## Kva verdiar syns du er viktig for å oppnå god samhandling?

Felles ansvar: At fagfolk erkjenner at me hare it felles ansvar for at dei me møter skal oppleve eit samanhengande tilbod. Me må ha fokus på at tenestene skal utfylle kvarandre, heller enn å skyve ansvaret mellom oss. Det krev godt samarbeid der ein legg vekt på kva ein sjølv kan bidra med, og mindre på alt ein ikkje kan gjere eller kva andre bør gjere.

Tett dialog og kunnskap om kvarandre: Faste møtepunkt mellom leiarar og mellom dei som møter barn, ungdom og foreldre kvar dag. Tett dialog mellom tenestene gjev kunnskap om kva kompetanse andre tenester har, kva dei kan bidra med og kva ein kan forvente frå kvarandre.

Respekt for dei me skal hjelpe og respekt for kvarandre: Me må syne respekt for kvarandre si kompetanse og aller viktigast; ha respekt for dei me møter og fokusere på kva som er til barnet eller ungdommen sitt beste.

## Korleis ser du føre deg samhandlinga mellom tenestenivå om 10-15 år?

På mitt fagfelt håpar eg at den gode samhandlinga mellom tenestenivåa held fram. Så håpar eg at me har digitale løysingar som gjer at kommunikasjonsflyten går lettare.

## Nordfjord psykiatrisenter sitt ansvar

60 % stilling for psykisk helsearbeidar

40 % stilling for psykolog

20 % lege

20 % jobbspesialist

Vi ser at pasientane har hatt god nytte av FACT tenestene. Samarbeidet mellom kommune og spesialisthelsetenesta har fungert godt.



Frå venstre: Torill Nyheim Holvik NPS, Inger Lise Nordnes Stad kommune, Oda Brendehaug Stad kommune, teamleiar Judit Kvåle.